

## Referat frå styremøte 07.04.16

Til stades: Olaug, Rune, Sindre (ref)

### 1. Faktura

Styret gjorde ferdig fakturamalen. Sindre distribuerer denne saman med årsmøteprotokollen.

### 2. Prioriterte tiltak og dugnad

Dugnaden vert laurdag 21.5. Sindre annonserer dugnaden på nettsida og facebook + lapp ved postkassane.

Styret vil ha ei synfaring før dugnaden for å kunne planlegge innkjøp og aktivitetar. I slutten av april.

Male og møblere dokkestova ved Nilstræet.

Montere balanseutstyr i Dalhjellevægen og Nilstræet.

Utbetring av ballveggen ved Nilstræet – Nils Magne Slinde?

Nye bord og sand til sandkassa

Slå på fellesområdet – kommunen?

Ved godt oppmøte ønskjer styret å prioritere rydding av vegetasjon og fjerning av mose frå stien gjennom fellesområdet.

### 3. Ymse

Søknad til Sparebankstiftinga: Sindre undersøker statuttar til neste styremøte (neste søknadsfrist er til hausten – gjeld søknadar på > 10.000 kr) og snakkar med Petter S.

Sindre kladdar innspel til kommunen om trafikktryggleik:

Kryssing Elihaug-Kolabakken, kryssing i Kleppavegen og parkering ved Hovdavegen.

Sindre får protokollen signert og distribuerer denne saman med faktura.